



FORSKRIFT OM SKULEREGLAR

FOR GRUNNSKULEN I SYKKYLVEN KOMMUNE



Vedtatt av Levekårsutvalet 28.05.2024

Innhald

Innleiing.....	3
Generelt om skulereglane.....	3
§1 Heimel.....	3
§2 Føremål.....	3
§3 Verkeområde.....	4
§ 4 Elevane sin rett til medverknad.....	4
§ 5 Organiseringa av skuledemokratiet.....	5
§ 6 Reglar for orden og åtferd.....	6
§ 6.1 Generell oppførsel/grensesetjing.....	6
§ 6-2 Elevane har rett på:.....	6
§ 6-3 Elevane har plikt til å:.....	6
§ 6-4 Reglar for orden.....	6
§ 6-5 Generelle reglar for åtferd.....	7
§ 6-6 Reglar i samband med at elevane tek med personlege eigedelar til skulen.....	7
§ 6-7 Reglar for fråvær / permisjon.....	7
§ 6-8 Reglar i høve rusmiddel.....	7
§ 6-9 Reglar i høve farlege gjenstandar.....	8
§ 6-10 Trafikktryggleik.....	8
§ 6-11 Særskilt om kroppsøvingsfaget.....	8
§ 6-12 Karakterar i orden og åtferd på ungdomstrinnet.....	8
Sanksjonar og tiltak ved brot på ordensreglementet.....	9
§ 7 Skulen og skuleeigar sine tiltak ved brot på ordensreglementet.....	9
§ 7-1 Generelt.....	9
§ 7-2 Fysisk refs eller annan krenkande behandling av eleven.....	9
§ 7-3 Brot på ordensreglementet kan medføre følgjande reaksjonar/sanksjonar:.....	10
§ 7-4 Særskilt om bortvising.....	10
§ 7-5 Straffbare tilhøve.....	11
§ 7-6 Erstatningsansvar.....	11
Saksbehandling.....	12
§ 8 Generelle reglar.....	12
§ 8-1 Saksbehandling.....	12
§ 8-2. Høyring.....	12
§ 8-3 Kunngjering.....	12
Iverksetjing.....	12

Innleiing

Skulereglane er felles for alle dei kommunale skulane. Skulane kan i tillegg vedta egne reglar som gjeld for den enkelte skule, men desse kan ikkje stå i motstrid til «Forskrift om skulereglar for grunnskulen i Sykkylven kommune» eller paragrafane i opplæringslova. Like eins kan skulane også bestemme om dei enkelte trinn eller klasser skal ha egne klassereglar. Skulereglane skal gjerast kjent for elevane og foreldre/føresette. For å sikre elevane sine rettar har skulen ansvar for at den informasjonen elevane får om skulereglane er tilpassa deira alder og modning.

Generelt om skulereglane

§1 Heimel

Denne lokale forskrifta er heimla i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) vedteke av Stortinget i 2023, og gjeldande frå 1. august 2024:

- § 10-7. Skolereglar:

Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om organisering av skoledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel (skolereglar).

Kommunen og fylkeskommunen kan i slike skolereglar angi kva tiltak som kan brukast når elevar bryt skolereglane, og korleis slike saker skal behandlast.

§2 Føremål

Skulereglane for grunnskulen i Sykkylven har som føremål å fremje trivsel, respekt og medansvar for både elevar og tilsette ved skulane. Skulereglane skal fremje skuledemokratiet, og gi tydelege rammer for elevane sine rettar og plikter.

Saman med førebyggjande arbeid skal skulereglane brukast for å skape eit godt skulemiljø, som fremjar både helse, trivsel, meistring og læringsutbytte. Reglane skal bidra til å utvikle elevane sine sosiale ferdigheiter, og til å bygge positive relasjonar elevane imellom og mellom elevar og tilsette. Skulereglane skal vere ei rettesnor for korleis vi organiserer skulekvardagen på best mogleg måte, og korleis vi løyser eventuelle problem som kan oppstå. Skulen kan berre nytte sanksjonar eller refsingstiltak som er fastsett i skulereglane.

Det skal jobbast aktivt for at alle elevane føler seg inkludert. Dette er eit ansvar som ligg både til personalet, foreldre/føresette og elevane sjølve.

§3 Verkeområde

Skulereglane gjeld for dei kommunale skulane og inkluderer alle aktivitetar i skulen sin regi når skulen har tilsynsansvar for elevane, inkludert leksehjelp. Skulereglane gjeld også for skuleturar, ekskursjonar og leirskuleopphald. Det same gjeld også for det som skjer i skulens digitale rom, både i og utanfor skuletida (skulens digitale infrastruktur). Skulereglane omfattar også mobbing og krenkande åtfærd på skulevegen, på skulebussen og anna som har direkte tilknytning til skulegangen.

Kvar skule kan, i samarbeid mellom rektor, lærarar, elevar og FAU/SU (arbeidsutval) utarbeide eigne reglar for skulen og trinna/klassene. Desse reglane skal ha ei positiv vinkling og framheve positiv og ønska åtfærd og handlingar, og korleis alle aktivt kan bidra til eit best mogleg skulemiljø som inkluderer alle og fremjar trivsel og tryggleik.

Skulereglane gjeld ikkje for SFO. Dette fordi SFO er eit frivillig tilbod og er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa. Kommunen skal fastsetje eigne vedtekter for skulefritidsordninga. Reglar knytt til orden, åtfærd, oppseiing m.m. skal vere heimla i desse vedtektene. Kapittel 12 i opplæringslova (Skulemiljøet til elevane) gjeld også for SFO.

Mindre inngripande tiltak grunngjeve i undervisnings- og ordensforhold treng ikkje vere heimla i eit ordensreglement. Dette trass i at slike tiltak kan opplevast som ei straff. Slike forhold kan til dømes vere at to elevar ikkje lenger får sitje ved sidan av kvarandre, eller beskjed frå lærar om å legge bort ein rekvisitt som distraherer.

§ 4 Elevane sin rett til medverknad

I reglane om skuledemokrati er det uttrykkeleg bestemt at skulen skal sørge for at elevar og foreldre får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere blant anna arbeidet med å fastsetje skulereglar.

Etter opplæringslova har elevane rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve, og dei har rett til å ytre meiningane sine fritt. Elevane skal bli høyrde, og det skal leggjast vekt på meiningane deira etter alder og modning. For dei kommunale grunnskulane i Sykkylven betyr dette mellom anna:

- at elevane får gi uttrykk for sine meiningar om lokal skulepolitikk
- at elevane får gi uttrykk for sine meiningar om reglar for orden og åtfærd
- at elevane får gi uttrykk for sine meiningar om sanksjonar, reaksjonar og tiltak ved brot på ordensreglane
- at elevane får gi uttrykk for sine meiningar om organiseringa av skuledemokratiet
- at elevane får gi uttrykk for sine meiningar om skulens innhald og utvikling
- at elevane får gi uttrykk for sine meiningar om avgjerder som gjeld læring, både på individ- og gruppenivå
- at skulen skal gjennomføre minimum to elevsamtalar pr. år mellom kontaktlærar og elev, der begge partar er førebudde

- at skulen skal gjennomføre to utviklingssamtalar pr. år mellom kontaktlærer, føresette og elev.

Særskilt om bruken av merknadar (ungdomsskulen): Skulen skal vurdere om merknadar er beste reaksjonsform for å oppnå god orden og åtferd. Elevrådet skal jamleg drøfte bruken av, omfanget av og effekten av merknadar. (jf. vedtak i ungdomsrådet 10.04.2024).

§ 5 Organiseringa av skuledemokratiet

Med skuledemokrati meinast det kollektive samarbeidet mellom elevane, foreldra og skulen. Det er den enkelte skule som har det praktiske ansvaret for arbeidet med skuledemokratiet, medan kommunen har det overordna ansvaret. Etter opplæringslova skal kvar grunnskule ha eit elevråd som er valt av elevane ved skulen. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte. Sykkylven kommune legg opp til at ordninga med elevråd framleis skal vere hovudregelen, og elevrådet skal veljast av elevane på skulen. Kvar klasse skal ha ein representant i elevrådet. Det er viktig at også dei yngste/minste har ei røyst. Kommunelova § 5-12 fastslår at kvar kommune skal opprette eit ungdomsråd (eller anna medverknadsorgan for ungdom), og at alle saker som gjeld ungdom skal leggjast fram for ungdomsrådet.

Kvar grunnskule skal ha også eit arbeidsutval (FAU) som er valt av foreldra på skulen. Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar.

Skulen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skulereglar. Det er ikkje meininga at elevar og foreldre skal delta i den formelle styringa av skulen, men at dei gjennom medverknad får høve til å *påverke* utviklinga av skulen. FAU skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltelevar eller personalsaker. Heller ikkje elevane skal delta i handsaming av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Skulen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet. Skulen skal også hjelpe elevane i arbeidet med skuledemokratiet, og sørge for at elevdeltakinga vert tilpassa deira alder og modning. For dei kommunale skulane i Sykkylven betyr dette mellom anna:

- at elevane gjennom klassemøte skal få uttale seg, bli høyrde og medverke i fastsetjing av reglar som gjeld for den enkelte klasse/trinn (klassenivå).
- at elevane gjennom elevrådet på skulen skal få uttale seg, bli høyrde og medverke i fastsetjing av reglar som gjeld for den enkelte skule (skulenivå).
- at elevane gjennom ungdomsrådet skal få uttale seg, bli høyrde og medverke i fastsetjing av skulereglar for grunnskulen i Sykkylven kommune (kommunenivå).
- at skulen **aktivt** legg til rette for at **alle** elevar skal kunne ytre seg og delta i skuledemokratiet uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, funksjonsnivå og sosial bakgrunn.

- at elevane skal kunne ytre seg og delta i skuledemokratiet på ulike måtar, ikkje berre gjennom dei valde elevrepresentantane i brukarorgana. Dette kan til dømes vere klassemøte, allmøte, digitale ytringar/avstemmingar e.l.
- at elevane får opplæring i korleis dei kan drive elevdemokrati, og rettleiing/støtte i dette arbeidet. Kontaktlæraren har hovudansvaret for at dette blir gjennomført

§ 6 Reglar for orden og åtferd

§ 6.1 Generell oppførsel/grensesetjing

Elevane har både rettar og plikter. Det er nulltoleranse mot **alle former** for krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering i grunnskulen i Sykkylven. Skulen har eit samfunnsmandat, og elevar må difor godta at læraren set nødvendige grenser og kjem med sakleg irettesetjing. Samanhengen og intensjonen bak er ofte det som avgjer grensene mellom «krenking» og «grensesetjing». Å lære seg å handtere usemje, både mellom lærer/elev og elev/elev, er ein del av samfunnsmandatet.

§ 6-2 Elevane har rett på:

- å bli høyrte og verte behandla på ein god måte
- å verte møtt med respekt og at eigedelane deira får vere i fred
- å ikkje bli utsett for fysisk, psykisk eller verbal plaging/krenking/mobbing (gjeld også i skulens digitale rom)
- å ha eit trygt og godt lærings- og skulemiljø
- at lærarar og tilsette grip inn og reagerer når elevar ikkje har det trygt og godt

§ 6-3 Elevane har plikt til å:

- behandle andre på ein god måte
- vise andre respekt og la andre sine eigedelar vere i fred
- ikkje plage, krenke eller mobbe nokon, verken fysisk, psykisk, verbalt eller i skulens digitale rom
- arbeide for eit godt og trygt lærings- og skulemiljø
- delta og vere aktivt med i opplæringa, og gjere dei leksene som blir pålagt

§ 6-4 Reglar for orden

- Elevar og alle som arbeider ved skulen skal halde skulen og skuleområdet reint og i orden. Alle ryddar etter seg.
- Elevar skal møte på skulen til fastsett tid. Dei skal ha med seg heimearbeid, bøker og skulesaker som trengst for dagen. Elevane skal ta godt vare på skulesakene sine og elles skulen sitt utstyr.

§ 6-5 Generelle reglar for åtferd

- Elevane og tilsette på skulen bør helse på kvarandre første gongen dei møtest om morgonen og elles vise god framferd mot kvarandre. Banning og grov språkbruk skal ikkje nyttast. Farleg leik, brutal framferd og mobbande/krenkande åtferd er ikkje lovleg, og skal stansast og følgjast opp.
- Elevane skal til ei kvar tid rette seg etter dei reglane som skulen fastset for ulike aktivitetar.
- Skulen har ansvar for tilsyn med elevane i skuletida. Difor må ingen elev forlate skuleområdet utan avtale eller særskilt løyve frå lærar/ administrasjon.
- Det er nulltoleranse for alle former for mobbing, krenkingar, kjønnsrelatert / religiøs trakassering, rasistiske haldningar og diskriminering av minoritetar / etniske grupper.

§ 6-6 Reglar i samband med at elevane tek med personlege eigedelar til skulen

- Utstyr som kan forstyrre undervisninga eller skape konfliktsituasjonar i elevmiljøet (t.d. mobiltelefonar, leiker som eleven er redd for o.l.) skal ikkje brukast på skulen. Skulane har eigne reglar for bruk av og oppbevaring av mobiltelefon i skuletida, men generelt gjeld eit forbod mot bruk av mobiltelefon i skuletida i Sykkylven.
- Den obligatoriske skulebarnforsikringa dekkjer ikkje skade på ting, som t.d. elevane sine briller, klede, sykklar, etc. I dei tilfelle forsikringa ikkje gjeld, er skulen berre ansvarleg for skader som skuldast manglande aktsemd frå skulen sine tilsette. Sidan skulen ikkje erstattar eleven sine verdisaker (pengar, smykke, elektroniske spel, o.l.) som kjem vekk / vert øydelagde, bør ikkje elevane ha med seg slike verdisaker til skulen. Syklane bør låsast.

§ 6-7 Reglar for frávær / permisjon

- Ved frávær på grunn av sjukdom eller anna akutt frávær, må føresette sende melding til kontaktlærar via skule-app'en som vert nytta for dialog mellom skule og heim. Dette skal gjerast i forkant av fráværet, slik at skulen er informert om at eleven ikkje møter. Skulen skal på si side sende melding til føresette via skule-app'en dersom eleven ikkje har møtt på skulen innan kl. 10:00 og skulen ikkje er informert om fráværet på førehand.
- Etter søknad frå foreldra kan eleven få permisjon frå skulen. Søknad sendast via foresattportalen i app'en eller på kommunens heimeside.
- Søknadane skal handsamast i tråd med opplæringslova og lokal forskrift om permisjon i grunnskulen (eiga forskrift, sjå denne).

§ 6-8 Reglar i høve rusmiddel

- Det er forbode å vere rusa, bruke, oppbevare, omsette eller bere med seg tobakk (sigarettar/snus/skrå), alkohol, narkotika eller andre rusmiddel i

skuletida og på skulen sitt område, inkludert arrangement/aktivitetar i skulen sin regi.

§ 6-9 Reglar i høve farlege gjenstandar

- Det er ikkje tillate å ta med eller bere kniv, våpen, eller andre gjenstandar som kan nyttast til å truge andre, eller som ved feil bruk kan skade ein sjølv eller andre i skuletida eller på skulen sitt område.

§ 6-10 Trafikktryggleik

- For elevane sin tryggleik i trafikken, skal dei bruke hjelm om dei sykklar til/frå skulen eller deltek i aktivitetar i skuletida der sykkel vert brukt. Foreldre avgjer om elevane får sykle til skulen eller ikkje-
- Refleks skal nyttast på skulevegen som førebyggjande trafikktryggingstiltak i mørketida.
- Elevar som vert køyrde av føresette/andre private, skal setjast av og plukkast opp på tryggast mogleg måte, og på den staden skulen rår til. All privat køyring inn på skuleplassen er forbode.

§ 6-11 Særskilt om kroppsøvingsfaget

- Dersom eleven treng tilpassa aktivitet i kroppsøving/symjing, sender føresette melding via skule-app'en til kontaktlærer. Fritak frå kroppsøvingsfaget over tid krev grunngjeven dokumentasjon frå lege/sakkunnig instans.

§ 6-12 Karakterar i orden og åtferd på ungdomstrinnet

- Ungdomsskuleelevar skal ha eigne karakterar både i orden og i åtferd. Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd er gitt i forskrift til opplæringslova
- Karakteren skal fortelje eleven og dei føresette korleis eleven innordnar seg skulen sitt ordensreglement og til allment aksepterte normer for åtferd og folkeskikk.
- Merknadar skal brukast som dokumentasjon av elevar sine brot på ordensreglementet og skal leggjast til grunn for vurdering av karakter i orden og åtferd. Det er skulen si samla vurdering, og ikkje summen av merknadar som leggjast til grunn.
- Vurderinga skal ta omsyn til dei føresetnadane eleven har. Det skal vanlegvis ikkje leggjast vekt på enkelthendingar. Unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov.
- Udokumentert fråvær kan føre til nedsett karakter anten i orden eller åtferd.
- Eleven og foreldre/føresette har rett på skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven kan få nedsett karakter og orden eller åtferd.

Sanksjonar og tiltak ved brot på ordensreglementet

§ 7 Skulen og skuleeigar sine tiltak ved brot på ordensreglementet

§ 7-1 Generelt

Skulen kan *berre* bruke sanksjonar eller tiltak mot eleven dersom han/ho bryt det som er fastsett i skulereglane. Dette inneber at i dei tilfelle der skulen ikkje kan vise til brot på skulereglane, så kan skulen heller ikkje sanksjonere eleven. Dette gjeld også reaksjonar i form av merknadar.

Før sanksjonar blir sett i verk, har eleven rett til å få forklare seg og kome med sin versjon av saka . Eleven kan i slike høve ta med seg ein person. Denne retten må sjåast i samanheng med barn sin rett til å bli høyrte i saker som vedkjem dei, jf. Grunnlova § 104 og FN's barnekonvensjon §12. Ved handlingar og avgjerder som vedkjem elevar, skal kva som er best for eleven vere eit grunnleggjande omsyn.

Dersom skulen/kommunen fattar eit vedtak om eleven med bakgrunn i skulereglane, er dette å sjå på som eit enkeltvedtak. Foreldre/føresette har difor klagerett etter forvaltningslova. Vanlegvis er Statsforvaltaren endeleg klageinstans, dersom skulen/kommunen ikkje imøtekjem klagen.

§ 7-2 Fysisk refs eller annan krenkande behandling av eleven

Krenkande behandling av eleven er ikkje tillate, jf. § 12-2 i opplæringslova: «*Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.*». Alle former for fysisk maktbruk overfor barn/elevar som har karakter av straff eller refs, er straffbart.

Tilsette ved skulen kan berre gripe inn fysisk mot ein elev for å avverje skade på andre personar, for å avverje at eleven utset seg sjølv for fysisk fare, eller for å avverje skader på eigedom. Måten ein grip inn på skal vere så kortvarig og skånsom som mogleg. Å gripe inn fysisk skal vere siste utveg, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.

Dersom ein tilsett ved skulen må ty til fysisk makt mot ein elev skal dette alltid dokumenterast skriftleg i etterkant, med ei skildring av korleis situasjonen oppstod, korleis inngrepet vart utført og eleven sitt syn på hendinga. Den som har gripe inn fysisk mot ein elev skal melde frå til rektor, og rektor skal informere foreldre/føresette. Ved gjentatte eller særleg alvorlege situasjonar skal kommunen/kommunalsjef oppvekst varslast.

Dersom vilkåra i opplæringslova for å bruke fysisk makt er oppfylt, vil ikkje hendinga kunne reknast som ei krenking av eleven etter skulemiljøreglane. Handlingar som er

allment aksepterte i samhandling mellom vaksne og barn som dei har omsorg for, skal ikkje reknast som fysiske inngrep etter paragrafen her.

§ 7-3 Brot på ordensreglementet kan medføre følgjande reaksjonar/sanksjonar:

- Samtale med eleven/påtale av lærar, eventuelt inspektør/assisterande rektor/rektor.
- Telefon heim til føresette.
- Brev/melding heim.
- Innkalling til samtale elev/føresette.
- Inndraging av gjenstandar som vert nytta på ein farleg, provoserande eller krenkande måte. Inndregne gjenstandar skal leverast tilbake til eleven eller foreldre/føresette etter skuletid. Ulovlege og/eller farlege gjenstandar/ rusmiddel vert levert til politiet.
- Inndraging av rettar som andre elevar har (t.d. vere inne i klasserommet i friminutt, bortvising frå enkelte område av skuleplassen, etc.).
- Merknadar. Desse skal gjevast rimeleg omgåande, slik at at det er tydeleg for eleven kvifor merknaden vert gitt. Foreldre/føresette skal få varsel om at eleven har fått merknad.
- Nedsett ordens- og/eller åtferdskarakter på ungdomsskulen.
- Krav om erstatning av skade på bygningar, inventar eller utstyr (sjå § 7-6).
- Pålegg om å rette opp skadeverk som eleven har påført skulen sin eigedom eller eigedelar (fjerne søppel, fjerne tagging, vaske/koste, etc.).
- Gjensitting (etter skuletid). Skulen skal då sørge for skyss heim for dei elevane som er avhengige av skuleskyss.
- Melding til politiet ved alvorlege lovbrøt
- Bortvising i tråd med § 13-1 i opplæringslova:
 - 1.-7. trinn: elevar kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen.
 - 8.-10. trinn: elevar kan visast bort for inntil tre dagar.
 - Utestenging frå leirskule/skuletur kan ikkje fastsetjast som sanksjon i ordensreglementet.
 - Dersom det blir aktuelt å sende ein elev heim frå skuletur eller leirskule som følgje av uønska åtferd, må skulen følgje reglane for bortvising. Skulen må betale for eleven si heimreise.
- Det mest omfattande tiltaket er pålagt skulebyte. Men kommunen kan berre fatte vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skule dersom åtferda til eleven går alvorleg ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar. Pålagt skulebyte må skje i tråd med § 13-2 i opplæringslova. Pålagt skulebyte er eit stort og inngripande tiltak som berre kan skje heilt unntaksvis, og der strenge vilkår for å verne medelevar er oppfylt.

§ 7-4 Særskilt om bortvising

Ein elev kan ikkje visast bort frå skulen dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege. Terskelen for å vise bort ein elev skal vere høg og tilhøyre unntaka. Bortvising er eit inngripande tiltak som sjeldan vil vere eit føremålstenleg tiltak. Dessutan vil ei vurdering av barnets beste som regel tilseie at bortvising sjeldan kan nyttast som tiltak.

Føremålet med bortvising er å fjerne eleven frå undervisninga for å kunne oppretthalde eit godt og trygt skulemiljø for andre elevar. Ved bruk av vald og/eller trugslar, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglementet kan elevar visast bort frå undervisninga som informert om ovanfor. Ei bortvising er skulesamfunnet sin mest alvorlege og inngripande reaksjon overfor regelbrot, og inneber at eleven sin rett til opplæring (jf. opplæringslova § 2-1) vert sett til side, om enn for ein avgrensa periode. Skulen må vurdere om det er forholdsmessigheit mellom eleven si åtferd og skulen sin reaksjon.

Bortvising kan berre nyttast som sanksjon ved grove brot på skulereglane. Kva som er grove brot er ei skjønsmessig vurdering, men det må vere snakk om brot av ein viss alvorgrad. Det skal mykje til før fleire brot på reglane, som ikkje er alvorlege, skal kunne føre til bortvising.

Skulen har ikkje heimel for å vise bort ein elev frå undervisninga dersom andre tiltak er tilstrekkeleg. Mindre inngripande tiltak skal difor alltid vere prøvd ut før ein elev blir vist bort. Dette gjeld uansett lengde på bortvisinga, enten det er snakk om ei undervisningsøkt, resten av skuledagen eller fleire dagar. Å sende ein elev ut på gangen er også ei bortvising. Foreldre til elevar på 1.-7. trinn skal alltid varslast *før* ein elev vert vist bort for resten av dagen.

Det er rektor sjølv som gjer vedtak om bortvising frå opplæringa. Rektor kan gi lærarar høve til å vise bort elevar frå ei opplæringsøkt som læraren sjølv har ansvaret for, men bortvisinga kan då ikkje gjelde for meir enn to klokketimar. Bortvising for ein dag eller meir er eit enkeltvedtak, og saksbehandlinga skal følgje forvaltningslovas reglar om saksbehandling. Saka skal vere så godt opplyst som mogleg før vedtak. Eleven skal høyrast, og meininga til eleven skal vektleggast. Det beste for eleven (opplæringslova § 10-1) vil også vere eit grunnleggjande omsyn i vurderinga.

§ 7-5 Straffbare tilhøve

Dersom det føreligg mistanke om straffbare tilhøve, skal skulen be om politiet si hjelp til å gjennomføre kontroll, undersøking eller andre tiltak. Dette gjeld tilhøve som tjuveri, vald, trugslar, tvang, narkotika, rasistiske utsegn og handlingar, seksuell trakassering, sjikane på grunn av religion, livssyn eller liknande. Eleven sine føresette skal om mogleg varslast munnleg samtidig med at ein ber politiet om bistand. Føresette skal uansett varslast skriftleg om det er søkt om hjelp frå politiet. Straffbare tilhøve skal meldast til politiet. Dersom den fornærma er ein elev, avgjer føresette om tilhøvet skal meldast.

§ 7-6 Erstatningsansvar

Ved bevisst eller uaktsam skade eller skadeverk på skulen sin eigedom og utstyr, kan eleven, i tillegg til å bli pålagt sanksjonar etter dette reglementet, også bli erstatningsansvarleg, jf. skadeerstatningslova § 1-1 (barns ansvar). Ved vurderinga av erstatningsansvaret, skal eleven sin alder og modning bli vektlagt. Foreldre er erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslova § 1-2 (foreldres ansvar), pr. dato

inntil kr. 5 000 for barn under 18 år. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr som høyrer skulen til.

Skader som ikkje vert dekkja av skadeerstatningslova, reknast i juridisk teori som «dagleglivets risiko» og må dekkjast av eigaren sjølv gjennom personlege forsikringsordningar.

Skulen skal reagere og gripe inn dersom ein elev t.d. øydelegg ein annan elev sin eigedel, som t.d. briller, sykkel, mobiltelefon eller liknande. Dersom det ikkje er noko som tyder på at skulen har vist manglande aktsemd, blir dette ei rein privatrettsleg erstatningssak mellom dei to elevane og deira føresette.

Saksbehandling

§ 8 Generelle reglar

§ 8-1 Saksbehandling

Saksbehandling ved alvorlege brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova, samt saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak, jf. forvaltningslova, kap. III – kap VI.

§ 8-2. Høyring

Skulereglane er ei forskrift etter forvaltningslova § 2. Dvs. at aktuelle partar / organisasjonar skal givast høve til å uttale seg før forskrifta vert vedteken, jf. Forvaltningslova § 37.

§ 8-3 Kunngjering

Skulereglane vert definert som ei lokal forskrift i tråd med forvaltningslova kapittel VII og skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.

Forskrift om ordensreglement skal også gjerast kjent for elevar, føresette og tilsette kvart år ved starten av skuleåret. Det same gjeld trivselsreglane og ordensreglar/skulereglar som den enkelte skule måtte ha. Reglane skal vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Iverksetjing

Denne lokale forskrifta trer i kraft 01.08.2024.